

ÅRSMELDING 2024 – 2025

1. Innleiing

Utdanningsforbundet Sirdal består av fem klubbar: Barnehagane, Sinnes skule, Tonstad skule, Sirdal VGS og vaksenopplæringa. Vedtak gjort på årsmøtet i 2009 seier at klubbleiar/ATV (arbeidsplassstillitsvald) automatisk blir medlem av styret. Styret har siste året mangla tillitsvald for leiarane og lokallagsleiar er også ATV på Sinnes. Difor har styret siste året hatt fem medlem mot normalt sju.

Arbeidet med handlingsplanen for Utdanningsforbundet Sirdal og måla i den, har til tider vore utfordrande pga. manglande treffpunkt med ansvarlege i kommunen av ulike årsaker.

Hausten 2024 var det lokale forhandlingar for både leiarar og andre tilsette. Sett under eitt for gruppa tilsette i barnehage og skule (kap.4) fekk Utdanningsforbundet grei uttelling, men det var også nokre område der me var mindre nøgd med resultatet.

Barnehage

Det er eit mål å få auka plantida for pedagogiske leiarar frå 4 til 7,5 timar i veka. Dette er eit felles ønske frå både pedagogiske leiararar og styrarane i barnehagane. Barnehagedagen 2025 hadde som motto “La leiken leva”. Dagen blei markert i barnehagane og styret i Utdanningsforbundet var innom begge barnehagane med ei fruktkorg med litt snacks og helsing.

Grunnskulane

Det blir framleis jobba med telefongodtgjersle for lærarar. Tidleg utlysing av ledige lærarstillingar er på agendaen i kommunen, og me håper det vil resultera i fleire kvalifiserte søkarar. Det blir jobba kontinuerleg med at avtaleverket skal bli overhaldt ift. drøftingar og medbestemming. Når det gjeld leirskuleavtalen (SGS 1010) er det framleis ein del som ikkje er på plass lokalt. Klubbane har gjeve innspel til budsjettbehandlinga og høyringa om skulereglar.

Klubben på Sinnes har elles behandla kompensasjon for overnattingsturar, kleddegodtgjersle og punkter frå handlingsplanen.

Klubben på Tonstad har m.a. behandla saker om arbeidstid og endring av planfesta tid.

Saker som har vært oppe i styret er:

- Handlingsplanen til Utdanningsforbundet Sirdal.
- Telefongodtgjersle for lærarar i barnehage og skule.
- Lokale forhandlingar for leiarane
- Lokale forhandlingar for medlem i kap. 4
- Medlemsvekst og medlemspleie.

2. Styresamansetjing for 2024- 2025

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Leiarverv				
Anne Fosse Tjørhom	Sinnes skule	BH,GS,VGS,VO	Leiar	01.08.2024 - 01.08.2026
Hroar Holmgren-Fintland	Tonstad skule	Tonstad skule	Nestleiar	01.08.2024 - 01.08.2025
Styremedlemmar				
Anne Fosse Tjørhom	Sinnes skule	BH, GS, VO	HTV	01.08.2024 - 01.08.2026
Karine Tjørhom Myhra	Sinnes skule		Vara-HTV	01.08.2024 - 01.08.2025
Grethe Dorga Lindeland	Tonstad BH	Barnehage	Styremedlem	01.08.2024 - 01.08.2025
Øyvind Skadberg	Sirdal VGS	VGS	Styremedlem	01.08.2024 - 01.08.2025
Lena Bøgwald	Vaksenoppl.	VO	Styremedlem	01.08.2024 - 01.08.2025

3. Valkomité 24/26

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Eivind M. Sætre	Tonstad skule	Alle	M	Valkomité	2024/2026
Hilde Ræg Haukeli	Tonstad skule	Alle	K	Vara	2024/2026
Gunn Iren Josdal	Sinnes skule	Alle	K	Valkomité	2024/2026
Terje Sinnes	Sinnes skule	Alle	M	Vara	2024/2026

4. Forhandlingsdelegasjon lokale forhandlingar 2024

Hroar Holmgren-Fintland og Anne Fosse Tjørhom

5. Andre tillitsverv/representasjonar

Vara i administrasjonsutvalet 24/25 Anne Fosse Tjørhom.

6. Kurs og møter

HTV Utdanningsforbundet har månadlege møter med kommunedirektøren (starta opp i november 2024), og skal ha jamlege samarbeidsmøte med kommunalsjef for oppvekst. Plasstillitsvalde ved skulane har møte med rektor og plasstillitsvald i barnehage har møter med styrar, der ein tek opp aktuelle saker.

Hovudtillitsvalde i samarbeidsblokk mellom Sjukepleiarforbundet, Delta, Fagforbundet, Fellesorganisasjonen og Utdanningsforbundet har møte omlag ein gong i månaden for å drøfta saker som skal opp i samarbeidsmøte med kommunedirektøren og administrasjonsutvalet.

Gjennom heile årsmøteperioden har lokallagsleiar, hovudtillitsvald og plasstillitsvalde delteke på kurs og møter i regi av Utdanningsforbundet Agder.

Styret i Utdanningsforbundet har sidan sist årsmøte hatt seks styremøte.

7. Medlemsaktivitet.

Klubbane på dei ulike arbeidsplassane har klubbmøte, der klubbleiar har moglegheit til å bestilla mat som blir dekkja av lokallaget.

I november nytta fleire medlem seg av å få dekkja billett til ballettførestillinga Nøtteknekkaren.

8. Medlemstal

Utdanningsforbundet Sirdal har auka frå 79 medlem i 2023/2024 til 86 medlem i 2024/2025.

Barnehage	Grunnskule	Vidaregåande	Vaksenopplæringa	Leiarar	Andre
11 medlem	45 medlem	8 medlem	5 medlem	7 medlem*	16 medlem

- 6 av leiarmedlemmene står oppført som medlem på arbeidsplassen sin også.

For styret i Utdanningsforbundet Sirdal

Anne Fosse Tjørhom

Lokallagsleiar